



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Handlingsplan

Noregs handlingsplan 4 B

2021–2022, Open Government Partnership (OGP)



**Open
Government
Partnership**



Innholdsfortegnelse

Handlingsplan 4 B	4
1. Handlingsplan 4 B	4
2. Arbeidet med Handlingsplan 4 B	4
3. Om skilnaden mellom Handlingsplan 4 og Handlingsplan 4 B	4
4. Forpliktingane i Handlingsplan 4 B	5
5. Oppfølging av Handlingsplan 4 B	5
6. IRM-rapporten og korleis han vert fylgd opp	6
A. Integritet og openheit i forvaltninga	7
Forplikting 1: Olje- og energidepartementet	7
Forplikting 2: Kommunal- og moderniseringsdepartementet	8
Forplikting 3: Kommunal- og moderniseringsdepartementet	11
B. Opne data og vidarebruk av offentlege data	13
Forplikting 4: Kulturdepartementet	13
Forplikting 5: Kommunal- og moderniseringsdepartementet	15
Forplikting 6: Kommunal- og moderniseringsdepartementet	17
C. Openheit om offentlege innkjøp, reelle rettsinnehavarar og antikorrupsjon	20
Forplikting 7: Nærings- og fiskeridepartementet	20
Forplikting 8: Justisdepartementet	22
Forplikting 9: Finansdepartementet	24



Handlingsplan 4 B

1. Handlingsplan 4 B

Regjeringa legg med dette fram ei oppdatert og utvida utgåve av OGP's handlingsplan 4, kalla Handlingsplan 4B. Han byggjer på den planen som forvaltninga og sivilsamfunnet vart samde om i 2018, og som skulle vare fram til 2021.

Koronapandemien har gjort det vanskeleg å fylje planen opp på alle punkt: Samskapingsmøte mellom forvaltninga og interessentforumet lét seg vanskeleg gjennomføre fysisk så lenge talet på deltakarer på møte var avgrensa. Noreg vart difor samd med OGP i at planen for 2019–2021 kunne forlengjast mot at han vart oppdatert. Det vart òg gjeve høve for at nye forpliktingar kunne verte tekne med. Plan 4B avløyser dermed plan 4, og han trer i kraft frå 1. september 2021. Han skal vare i eitt år framover.

2. Arbeidet med Handlingsplan 4 B

Arbeidet med Handlingsplan (HP) 4B starta med ein førespurnad til departementa som er ansvarlege for forpliktingar i HP 4 og til OGP rådet om behov for og ynskje om endringar eller tilføyinger i planen. Framlegg til justert plan vart deretter sendt til alle dei som er oppførte som deltakarer i interessentforumet samstundes som utkastet også vart publisert på OGP sine norske heimesider. Berre tre innspel kom til framleggget. Planen som no ligg føre, byggjer såleis på det opphavelege framleggget, men kor det òg er teke omsyn til kommentarane.

3. Om skilnaden mellom Handlingsplan 4 og Handlingsplan 4 B

Handlingsplan 4B skil seg frå Handlingsplan 4 ved at ei av forpliktingane er fullførd (Kulturdepartementet sitt arbeidet med strategi for opne kulturdata). Ho er difor ikkje teken med i Handlingsplan 4B.

To nye forpliktingar er komne til: Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementets forplikting om høvesvis «Ungdommens distriktspanel» og «Openheit om kunstig intelligens og algoritmar».

Fleire av dei andre forpliktingane frå Handlingsplan 4 er vortne omformulerte, slik som Nærings- og fiskeridepartementets forplikting for å effektivisere og betre offentlege innkjøp gjennom å heildigitalisere innkjøpsprosessen. Her er forpliktinga utarbeidd av Direktoratet for økonomistyring. Omformulert er også Kommunal- og moderniseringsdepartementets

forplikting om e-innsyn og potensialet for å spreie e-innsyn i kommunal sektor. Denne er utarbeidd av Digitaliseringsdirektoratet.

Fleire av forpliktingane er oppdaterte i høve til Handlingsplan 4, slik som Finansdepartementet si forplikting om register over reelle rettshavarar og Kommunal- og moderniseringsdepartementets forplikting om arbeid med digitale plan- og byggjesaksprosesser.

Sidan ei forplikting er fullførd og to nye er komne til i høve til Handlingsplan 4, har forpliktingane i Handlingsplan 4 B fått ei ny nummerering.

4. Forpliktingane i Handlingsplan 4 B

Handlingsplan 4B inneholder i alt ni forpliktingar, ei meir enn i Handlingsplan 4. Forpliktingane er:

A. Integritet og openheit i forvaltninga

1. Lettare tilgang til energistatistikk
2. E-innsyn og potensialet for å spreie e-innsyn i kommunal sektor
3. Ungdommens distriktspanel

B. Opne data og vidarebruk av offentlege data

4. Gjennomføre ein strategi for opne kulturdata
5. Digitale plan- og byggjesaksprosesser med tilrettelagd rettleiing og arealprofilar
6. Openheit om kunstig intelligens og algoritmar

C. Openheit om offentlege innkjøp, reelle rettshavarar og antikorrupsjon

7. Effektivisere og betre offentlege innkjøp ved å heildigitalisere innkjøpsprosessen
8. Forebyggje korruption
9. Etablere offentleg register over reelle rettshavarar

5. Oppfylging av Handlingsplan 4 B

Handlingsplan 4 B skal tre i kraft frå 1.9.2021 og vare fram til 31.8.2022. Kommunal- og moderniseringsdepartementet tek sikte på å fylje opp framdrifta i planen gjennom rapportering frå forvaltninga og ved å kalle inn til regelmessige møte i Interessentforumet kor sivilsamfunnet, departementa saman med OGP-rådet og Noregs IRM-representant vert innbodne til å delta. Innkalling og sakspapir vil verte publiserte på heimesidene <https://open.regjeringa.no/> og for dei som ynskjer, også gjennom e-post.

6. IRM-rapporten og korleis han vert fylgd opp

IRM er OGP sitt revisjonsorgan som kontrollerer korleis dei einskilde landa fyljer opp arbeidet med handlingsplanane; ikkje minst korleis sivilsamfunnet har høve til å påverke arbeidet.

IRM har ein del kritiske merknader til korleis Norge har levd opp til OGPs prinsipp i utviklinga og oppfylginga av Handlingsplan 4. Mellom anna peikar IRM på det det ikkje har vore god nok tilbakemelding til sivilsamfunnsorganisasjonane. Det er særleg på tre område IRM rettar kritikken mot Noreg:

- *Manglande regularitet*, ved at det berre var eit oppstartsmøte for å drøfte forpliktingane i HP 4.
- *Ikkje oppfylgjande interessentmøte under det vidare arbeidet med planen*.
- *Manglande grunngjeving, inga tilbakemelding*: Forvaltninga «kjørde igjennom» planen utan at interessentane fekk noko forklaring på kvifor nokre framlegg til forpliktingar vart tekne med, medan andre fall ut og kvifor nokre vart endra underveis av departementa.

IRM gjev mellom anna Noreg råd om å

- gje interessentane tilbakemelding gjennom heile prosessen frå fyrste konsultasjonen til endeleg plan er ferdig, og gjerne gje utfyllande forklaringar.
- vurdere å endre OGP-rådet til å fylle interessentforumets rolle, då saman med dei departementa som har forpliktingar i planen.

KMD har merkt seg det IRM har påpeika, og vil fylgje dette opp i det vidare arbeidet med Handlingsplan 4B.



A. Integritet og openheit i forvaltninga

Forplikting 1: Olje- og energidepartementet

Lettare tilgang til energistatistikk		
Når forpliktinga startar og sluttar 01.07.21–31.07.22		
Ansvarleg organ	Olje- og energidepartementet	
Kva for problem for ålmenta rettar forpliktinga seg mot?	Noreg er ein stor energinasjon, og energiproduksjonen er viktig for inntekter og arbeidsplassar. Energistatistikk er ofte teknisk, og ikkje alltid brukarvenlig og lett tilgjengeleg.	
Kva er forpliktinga?	Å gjere energistatistikk betre tilgjengeleg for ålmenta	
Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	Det er laga nye nettsider med ei lettfatteleg og brukarvenleg oversikt over norsk energiproduksjon, både fornybar energi og petroleum	
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Verdien av opne data og tilgang på informasjon.	
Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Pågåande prosess utan milepålar		
Kontaktinformasjon:		
Ansvarleg person frå iverksetjande organ		
Verksemrd	Olje- og energidepartementet	
e-post / telefon		
Andre offentlege deltagarar		
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	.	
	<i>Dette er en løypande verksemrd kor det ikkje er naturlig å sette milepålar</i>	

Forplikting 2: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Betre elnnsyn som verkemiddel for å gjere offentleg forvaltning meir open og tilgjengeleg for innbyggaren

Når forpliktinga startar og sluttar 01.07.21–31.07.22

Ansvarleg organ	Digitaliseringsdirektoratet
Kva for problem for ålmenta rettar forpliktinga seg mot?	<p>Offentlegrinsippet, ålmenta sin rett til innsyn i forvaltingas saksdokument, er rekna som et grunnleggjande demokratisk prinsipp og er nedfelt i norsk lovgjeving og praksis. Forvaltninga skal gje alle høve til å kontrollere sakshandsaminga og delta i demokratiske prosessar.</p> <p>elnnsyn er einskapsløysinga som skal bidra til å gjennomføre offentlegheitsprinsippet. Historisk har det berre vore dei statlege verksemndene som har publisert sine dokument i elnnsyn. Likefullt omhandlar offentlegregelverket alle statlege verksemder, kommunar og fylkeskommunar. Det vil difor vere av interesse for ålmenta at dokumentasjon frå all offentleg sakshandsaming, statleg, kommunal og fylkeskommunal, vert samla i ein felles søkeportal på tvers av forvaltningsnivåa.</p> <p>Måten å gjere offentlege dokument tilgjengelege på er i dag særstakt fragmentert. Dei ulike kommunane og fylkeskommunane publiserer på kvar sine portalar med svært ulik funksjonalitet, svært varierande og til dels manglende høve for å søkje. Mange fjernar postjournalen igjen etter kort tid. Slik vert det uoversiktleg for innbyggjarane kor og korleis ein skal leite for å finne offentleg forvaltning sin dokumentasjon.</p>
Kva er forpliktinga?	<ol style="list-style-type: none">1. Spreie elnnsyn til kommunar og fylkeskommunar.2. Dokumentere arbeidet i politiske organ i kommunar og fylkeskommunar.3. Sikre openheit om arbeidet i Styringsrådet.4. Auke delen publiserte dokument i fulltekst.

Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	<p>Publiseringsløysinga elnnsyn gjer det enklare og raskare å få innsyn i sakshandsaminga og i dokument frå offentleg forvaltning. elnnsyn publiserer postjournalar frå statlege, kommunale og fylkeskommunale organ, og informasjon om møte og utval i fylkeskommunale og kommunale organ i ein felles søkeportal på tvers av forvaltningsnivåa.</p> <p>Ved å samle all publisering av offentleg forvaltningsdokumentasjon, møtedokument frå politiske organ i kommunar og fylkeskommunar og auke delen dokument som vert publiserte i fulltekst, vil innbyggjarane få enklare tilgjenge til offentleg informasjon. Dei vil da oppleve offentleg forvaltning som meir open og tilgjengeleg i tråd med offentlegprinsippet.</p>	
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Forpliktinga har som mål å frigje meir informasjon, betre kvaliteten på den tilgjengelege informasjonen og betre tilgjenge til informasjon slik at innbyggjarane og næringslivet lettare får tak i han.	
Tilleggsinformasjon	<p>Einnsyn er eit effektivt verktøy for effektivt å gjennomføre formålet med Offentleglova. Einnsyn er finansiert gjennom budsjettildeling frå KMD.</p> <p>KMD har informert Digitaliseringsdirektoratet om at ein ynskjer at også kommunar og fylkeskommunar skal ta i bruk einnsyn, både til postjournal og til møtedokument, og at departementet ynsker at fleire dokument skal publiserast i fulltekst. Fulltekstpublisering gjer kvardagen enklare både for innbyggjarane og forvaltninga fordi ein då slepper å be om innsyn.</p>	
Milepålar (med konkrete måltal og datoar)	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1) Alle relevante statlege verksemder skal vere med i elnnsyn	01.07.21	31.07.22
Milepåle 2) Dato for når 5 pst av kommunane og 50 % av fylkeskommunane skal vere på elnnsyn og tilsvarende dato for 10 % av kommunane og 75 % av fylkeskommunane		<p>5 % komm: 31.07.2022 50 % fylkeskomm: 31.07.2022 10 % komm: 31.07.2023 75 % fylkeskomm: 31.07.2023</p>

Milepåle 3) % kommunar og fylkeskommunar som legg ut dokument til politiske møte, kommunestyre- og fylkestingsmøte og dato for når dette har skjedd		Same som milepåle 2.
Milepåle 4) Møter i Styringsrådet. Forpliktingar om at dokumentasjon at tilrådingane frå brukarforumet er vurderte eller fylgde opp. Dato for når dette er fast praksis.	01.07.21	01.07.22
Milepåle 5) Dokumenter i fulltekst. Dato for når 50 % av dei statlege verksemndene i elnnsyn og kommunane og fylkeskommunane som er med i elnnsyn, har lagt ut dokument i fulltekst.		50 % av kommunane/fylkeskommunane: 31.07.22 50 % av statlege verksemder: 01.01.24

Kontaktinformasjon:

Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Stein Magnar Os, avdelingsdirektør Digdir
Verksemnd	Digitaliseringsdirektoratet
e-post / telefon	Frode Danielsen <i>SteinMagne.Os@digdir.no</i> <i>Torgeir.strypet@digdir.no</i> / 971 49 903
Andre offentlege deltagarar	
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	elnnsyns styringsråd, sjå vedlegg.



Forplikting 3: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ungdommens distriktspanel		
Ansvareleg organ	KMD (og Distriktsenteret)	
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Ungdom har ofte lite høve til å kome til orde og kunne påverke eigen situasjon og framtidas distriktpolitikk	
Kva er forpliktinga?	<p>Gjennom medverknadsprosesser, samlingar, forsking og spørjeundersøkingar leverer panelet våren 2021 10 råd til regjeringa om dirktrikspolitikken i framtida. Ein legg opp til brei deltaking underveis, også bruk av lov-pålagde ungdomsråd. jf. kommuneloven § 5-12.</p> <p>Deltakarane skal samle inn kunnskap om ungdommen sitt behov i eigen region.</p>	
Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	Kan få stor verknad for ungdom i distrikta.	
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Støtte opp under demokratiske prosesser ved at innbyggjarane får høve til å påverke offentleg politikkutvikling.	
Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1: Rådet oppretta – gjennomført	18.10.2019	17.1.2020
Milepåle 2: Første samling hos statsministeren – Oslo – gjennomførd		17.1.2020
Milepåle 3: Andre samling 24.–26. april 2020 om kunnskapsgrunnlaget – gjennomførd	17.1.2020	26.4.2020
Milepåle 4: Tredje samling 16.–18. oktober 2020 om innsikt og hypotesar – gjennomførd	26.4.2020	18.10.2020
Milepåle 5: Fjerde samling 12.–14. mars 2021 om testing og validering – gjennomførd	18.10.2020	14.3.2021
Milepåle 6: Levere 10 råd og slutt-rapport til regjeringa våren 2021 – gjennomført		26.4.2021



Milepåle 7 : KMD har sendt råda til alle departementa og KMDs avdelingar, og alle kommunar og fylkeskommunar og KS for å vurdere vidare oppfølging.	Juli 2021 (?)	
Milepåle 8: KMD fyljer opp svara frå departementa, kommunane og fylkeskommunane		

Kontaktinformasjon

Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Bente Boye Lund (og Anne Irene Myhr)
Verksemrd	KMD (og Distriktsenteret)
e-post / telefon	<i>Bente-Boye.Lund@kmd.dep.no</i> + 47 22 24 70 40 / 99 74 22 05
Andre offentlege deltagarar	
Samarbeidande sivilsamfunns-organisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	



B. Opne data og vidarebruk av offentlege data

Forplikting 4: Kulturdepartementet

Gjennomføre ein strategi for opne kulturdata	
Ansvarleg organ	Kulturdepartementet
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Opne kulturdata vil kunne bidra til betre tenester, rikare opplevingar og auka effektivisering og verdiskaping. Føresetnaden er at dataa finst, er lett tilgjengelege både for menneske og maskiner, og at dei enkelt kan vidarebrukast og samanstillast med andre data i nye kontekstar. Det viktigaste kulturinstitusjonane kan bidra med, er å tilby meir data og betre data, dvs. meir konsistente og standardiserte data, og å gjere dataa ope tilgjengeleg. På kulturfeltet set opphavsretten grenser for tilgjengeleggjering av data med nyare kulturinnhold, som digitale fotografi, digitale bøker mv. Personvernomsyn set også grenser for tilgjengeliggjering, og er særleg aktuelt på arkivfeltet.
Kva er forpliktinga?	Kultursektoren skal ha en kultur for transparens og openheit der data som hovudregel aktivt vert gjort ope tilgjengeleg. Prioriterte datasett i kultursektoren skal identifiserast, dokumenterast og gjerast tilgjengelege som opne data. Standardar og autoritetsregister skal vere identifiserte og implementerte.
Korleis vil forpliktinga bidra til å løyse problemet?	Prioriterte kulturdata vert tilgjengeleg for bruk – både for å utvikle tenester, gi rikare opplevingar og auka verdiskaping og effektivisering.
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGPs grunnverdiar	Verdien av opne data og tilgang til informasjon.

Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1): Relevante standardar er kartlagde og identifiserte	01.03.18	31.12.19
Milepåle 2): Tilrådingar for å gjere kulturdata tilgjengeleg og er formulerte og publiserte.	01.03.18	31.12.19
Milepåle 3): Relevante autoritetsregister er kartlagde og identifiserte.	01.03.18	31.12.19
Kontaktinformasjon		
Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Inger Lise Kurseth	
Verksemd	Kulturdepartementet	
e-post / telefon	e-post: <i>Inger-Lise.Kurseth@kud.dep.no</i> telefon: +47 22 24 78 31	
Andre offentlege deltagarar	Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Norsk kulturråd	
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.		



Forplikting 5: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Digitale plan- og bygge-saksprosesser med tilrettelagd rettleiing og arealprofilar

Ansvarleg organ	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Manglande tilrettelagd statistikk og analysar om arealsituasjon og arealutvikling. Mangelfulle modellar, standardar og grensesnitt mellom ulike system og i forhold til ulike brukargrupper. Mangelfullt tilrettelagd rettleiing som grunnlag for medverknad, tidleg konfliktavklaring og gode digitale planprosesser.
Kva er forpliktinga?	Utarbeide standardar, spesifikasjoner, rettleiing og døme for digitaliserte og transparente plan- og byggesaksprosesser. Støtte FoU prosjekt, pilotering og demonstratorar. Leggje til rette for relevant og detaljert statistikk for samfunns- og arealplanlegging, leggje til rette for betre sjølvbetjeningsløysingar for offentlege kartdata, plandata, bygnings- og eigedomsinformasjon
Korleis vil forpliktinga bidra til å løyse problemet?	Betre kunnskapsgrunnlag og tydelegare arealplanar, betre grunnlag for medverknad, betre og meir målretta rettleiing, tidleg konfliktavklaring, meir forventa prosesser for arealbruk og utbygging.
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGPs grunnverdiar	Betre grunnlag for medverknad og transparente prosesser. Betre grunnlag for auka verdiskaping.
Tilleggsinformasjon	Ein gjer øyremerkte middel til dette i en satsingsperiode og bidrar til særleg til berekraftsmål 11, men har også relevans for berekraftsmål 6, 8, 9, 14 og 15



Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1: Digitale planregister, auka dekkingsgrad i kommunane	01.06.15.	31.12.19.
Milepåle 2: Mal og modell for digitale planavgjerder	01.02.17.	31.12.19.
Milepåle 3: Arealprofilar – tilrettelagd statistikk for kommuneplanlegging	01.03.18.	31.12.22.
Milepåle 4: Digitalt tilrettelagd rettleiing for arealplanlegging	01.08.18	31.12.22.
Kontaktinformasjon		
Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Kari Strand	
Verksemd	Planavdelingen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet	
e-post / telefon	Hilde Johansen Bakken <i>Hilde-Johansen.Bakken@kmd.dep.no</i> Mari Olea Lie <i>Mari-Olea.Lie@kmd.dep.no</i>	
Andre offentlege deltagar	KS, Pilotkommuner, Direktoratet for byggkvalitet, Statens kartverk, SSB	
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	Byggenæringa, konsulentskap , systemleverandørar m.fl	



Forplikting 6: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Openheit om kunstig intelligens og algoritmer

Når forpliktinga startar og sluttar 01.01.18–31.12.24

Ansvareleg organ	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kva for problem for ålmenta rettar forpliktinga seg mot?	I framtida vil offentleg sektor bruke kunstig intelligens til å levere meir målretta og brukartilpassa tenester, høgje samfunnsnytta av eige verksemd, rasjonalisere arbeidsprosessar og minske risiko.
Kva er forpliktinga?	<ul style="list-style-type: none">a. Utvikle rettleiing for ansvarleg bruk av kunstig intelligens i offentleg administrasjon.b. Etablere ei regulatorisk sandkasse for datatryggleik under Datatilsynet sitt ansvar for å sikre at verksemduene oppnår betre forståing for regelkrav for datatryggleik og minske tida frå utvikling og testing til utrulling og KI-løysingar i marknaden.c. Stille krav til at nye løysingar i offentleg forvaltning der kunstig intelligens er ein del av løysinga og opplysningane er gjennomsiktige og etterrettelege.d. Endre forvaltningslova og anna relevant regelverk slik at det tek omsyn til automatisert saks-handsaming og kunstig intelligens. <p>Utvikle ei analyseplattform som kan gje betre analysehøve av data frå norske helseregister, samstundes som ein tek vare på personvernet.</p>

Korleis vil forpliktinga vere med på å løyse problemet?	<p>Bruk av kunstig intelligens i offentleg forvaltning kan syne seg krevjande særleg om verksemda ikkje har tilstrekkeleg innomhus kunnskap. Manglande kunnskap om regelverk hos sakshandsamarane og korleis ein handsamar persondata, høve til forvaltningslova eller vurdering om når det er akseptabelt å nytte kunstig intelligens kan føre til at verksemndene vert for tilbakehaldande. Dette kan ta frå offentleg sektor viktige moglegheiter til å betre tenestetilbodet eller rasjonalsere sakshandsaminga.</p> <p>Rettleiing for ansvarleg bruk av kunstig intelligens skal gjere offentlege verksemder medvetne på etiske dilemma, til dømes rundt når det er riktig og fornuftig å bruke kunstig intelligens til kontrollformål.</p> <p>Å sikre at prosessen er gjennomsiktig og etterretteleg skjer mellom anna gjennom regelverksutvikling, til dømes gjennom å revidere forvaltningslova som skal regulere sakshandsaminga i offentleg sektor, medrekna automatisert sakshandsaming, slik at viktige forvaltningsprinsipp som personvern og rettstryggleik vert ivaretakne</p> <p>Ei regulatorisk sandkasse for kunstig intelligens og personvern skal gi både offentlege og private verksemder auka forståing av dei regulatoriske krava som vert stilte på personvernombordet, og styresmaktene for auka forståing for nye teknologiske løysningar og risikoane knytte til desse. Samfunnet vil tene på at utvikling av nye og innovative løysingar skjer innanfor ansvarlege rammer.</p>
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGPs grunnverdiar?	<p>Rettleiing om og regulering av bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor skal sikre transparens i offentlege løysningar og avgjerdssprosessar som bruker kunstig intelligens.</p> <p>Arbeidet med rettleiing og regelverksutvikling skjer i ut frå praksis og retningsliner som sikrar involvering av interessentar og årmenta gjennom arbeidet. For lovprosessar fyljer ein vanlege reglar om offentlege høyringar.</p>

Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1) Utvikle rettleiar	Ikkje satt	
Milepåle 2) Regulatorisk sandkasse	01.12.2020	. >
Milepåle 3) Regelverksutvikling, medrekna forvaltningslova	Mars 2019 (NOU levert)	. >
Milepåle 4) Helseanalyseplattform	August 2020 (oppstart utvikling)	. >
Kontaktinformasjon		
Ansvarleg person frå iverksetjande organ		
Verksemrd	1 og 2 – KMD/Digitaliseringsdirektoratet, 3 er ulike departement, mellom anna JD, HOD, ASD. 4 er HOD/direktoratet for e-helse.	
e-post / telefon		
Andre offentlege deltagarar		
Samarbeidande civilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.		



C. Openheit om offentlege innkjøp, reelle rettsinnehavarar og antikorrasjon

Forplikting 7: Nærings- og fiskeridepartementet

Effektivisere og betre offentlege innkjøp ved å heildigitalisere innkjøpsprosessen

Når forpliktinga startar og sluttar 01.01.18–31.12.24

Ansvarleg organ	Nærings- og fiskeridepartementet
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Offentlege innkjøpsprosesser er berre delvis digitaliserte – vinstpotensialet er ikkje utnytta
Kva er forpliktinga?	Gje meir effektive innkjøp og enklare prosessar, fjerne tidstjuvar, gje betre behovsdekking og betre regelverksetterleving.
Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	Effektivisere og betre offentlege innkjøp ved å heildigitalisere innkjøpsprosessen og slik gje ålmenta tilgjenge på data.
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Fremmer openheit rundt offentlege innkjøp.



Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle1) Test av korleis bruk av datajø, maskinlæring og bruk av ny teknologi kan gje høve for å hente ut ny kunnskap om offentlege innkjøp på verksemdsnivå og på nasjonalt nivå og gjennom opne data på publikumsnivå.	01.08.18	31.12.20
Milepåle 2) Bruk av eBevis-tjenesten for innkjøp – auka tilgjenge til offentlege register naudsynte for å kvalifisere leverandørar til offentlege oppdrag	01.11.19	31.12.21
Milepåle 3) Ny Doffin med ny funksjonalitet med betra tilgjenge til kunngjeringsdata er etablert, deriblant eit offentleg kontraktsregister	01.11.19	31.12.23

Kontaktinformasjon

Ansvarleg person frå iverksetjande organ	André Hoddevik
Verksemd	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)
e-post / telefon	andre.hoddevik@dfa.no 913 97 587
Andre offentlege deltagarar	Brønnøysundregistrene, andre offentlege registereigarar
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	Næringslivsorganisasjonar, leverandørar, systemleverandørar, KS/KSI



Forplikting 8: Justisdepartementet

Forebygge korruption

Januar 2019 - -----

Ansvareleg organ	Justisdepartementet
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Behov for betre dialog mellom styremakter og folkesetnad for å avverje korruption
Kva er forpliktinga?	<p>1) Systematisering og støtte opp om meir og betre dialog mellom styremakter og publikum for å avverje korruption, bl.a. ved å betre koordineringa av informasjon til folkesetnaden om styremaktene sine tiltak for antikorruption</p> <p>2) Betre informasjonstilgangen til publikum om kva for krav som ein stiller til godt antikorruptionsarbeid og konsekvensen ved mangelfull gjennomføring eller brot på regelverket. Arbeide for å gjere risiko- og trusselvurderingar innan antikorruptionsfeltet betre kjende for publikum.</p>
Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	En samla tydeleggjering av styremaktene sine haldningar til korruption, ulike tiltak for avverjing og avdekking av korruption, og konsekvensane av brot, vil ein tru har ein preventiv effekt både overfor publikum og offentlege styremakter.
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Open dialog mellom styremakter og folkesetnad om antikorruptionsarbeid. Dette kan også førebyggje korruption.



Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Oppstart	2019	
Milepåle 1) Justis- og beredskapsdepartementet etablerte våren 2019 et Samarbeidsforum for antikorrupsjon med deltagarar frå andre departementet og underliggende etatar som på ulike måtar, og i vid forstand, er involverte i arbeid med førebygging og nedkjemping av korruption. I tillegg til JD, deltek KMD, NFD, FIN, UD, KLD, politidirektoratet og ØKOKRIM i dette forumet. Siktemålet er å skape eit møtepunkt for dei involverte aktørane for slik bl.a. å få en betre samla oversikt over ulike aktivitetar og tiltak som bidrar til førebygging og nedkjemping av korruption. I møta som har vært haldne til nå, har vi samla informasjon om på kva for måte de ulike aktørane bidrar i antikorrupsjonsarbeidet. Eit neste steg er å skape ei plattform for deling av denne informasjonen, samt annan relevant informasjon, med publikum. Dette vil vi arbeide videre med i løpet av våren 2020.	Våren 2020	
Milepåle 2) Arbeidet med å etablere ein nettstad er vorte forsinka på grunn av andre prioriteringar under Covid-19. JD vil jobbe vidare for å etablere Samarbeidsforumet for antikorrupsjon som eit organ for samling og deling av relevant informasjon. JD jobbar også vidare med å avklare etablering av ein nettstad for informasjon om styremaktenes samla antikorrupsjonstiltak.	Våren 2021.	
Milepåle 3) Samle inn informasjon og lansere nettsiden	Haust 2021	

Kontaktinformasjon

Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Mona Ransedokken
Verksemd	Justis- og beredskapsdepartementet
e-post / telefon	Mona.ransedokken@jd.dep.no 22245177
Andre offentlege deltagarar	Forpliktinga inneber naudsynt dialog med andre offentlege aktørar som jobbar med å førebyggje og kjempe mot korruption.
Samarbeidande sivilsamfunnsorganisasjonar, tverrgående arbeidsgrupper o.l.	



Forplikting 9: Finansdepartementet

Etablere offentleg register over reelle rettshavarar

Ansvarleg organ	Finansdepartementet	
Kva for problem rettar forpliktinga seg mot?	Manglande kunnskap om og lite tilgjengeleg informasjon om reelle rettshavarar og eigarstruktur i selskap og føretak i Noreg aukar risikoen for bl.a. misbruk til korruption og økonomisk kriminalitet, medrekna skatteunndragingar og kvitvasking.	
Kva er forpliktinga?	Etablere eit offentleg tilgjengeleg register over reelle rettshavarar.	
Korleis bidreg forpliktinga til å løyse problemet?	Auka openheit om eigarskapen og kontrollen i selskap og føretak i Noreg motverkar risikoen for misbruk av selskapa mv. til m.a. korruption og økonomisk kriminalitet ved at høve for å bruke selskap til å skjule eigarskap og transaksjonar, vert svekt.	
Korleis er denne forpliktinga relevant for OGP sine grunnverdiar?	Frigir meir informasjon Betrar kvaliteten på den tilgjengelege informasjonen Betrar tilgangen til informasjon som gjer at ålmenta lettare får tak i han	
Tilleggsinformasjon	Tiltaket er relevant for FNs berekraftsmål 16, punkt 4.	
Milepålar	Starttidspunkt	Sluttidspunkt
Milepåle 1) Offentleg høyring – Utkast til forskrift høyrt frå juni til oktober 2020	Juni 2020	Oktober 2020
Milepåle 2) Fastsette forskrift	Oktober 2020	Juni 2021
Milepåle 3) Sette i kraft forskrifta	Juni 2021	November 2021 for delar av forskrifta – andre delar vert sett i kraft seinare
Milepåle 4) Ferdigstille teknisk løysning – Brønnøysundregistrene arbeider med teknisk løysning		
Milepåle 5) fylle registeret med informasjon – Når reglene er sette i kraft og teknisk løysning er klar, skal registeret fyllast med informasjon frå registreringspliktige		



Kontaktinformasjon

Ansvarleg person frå iverksetjande organ	Tobias Brynildsen
Verksemrd	Finansdepartementet
e-post / telefon	<i>Tobias.brynildsen@fin.dep.no</i> , tlf 22 24 45 68
Andre offentlege deltagarar	Nærings- og fiskeridepartementet Christian Gløersen: <i>cgl@nfd.dep.no</i> , tlf. 22 24 65 56
Samarbeidande sivilsamfunns-organisasjonar, tverrgåande arbeidsgrupper o.l.	



Utgjeve av:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Publikasjonskode: H-2513 N

Design/layout: Service- og tryggingsorganisasjonen til
departementa, DepMedia – 09/2021